

## Uttalelse fra LO Vestlands Regionkonferanse 05.05.21

### Trygg oppvekst for barn og unge.

Barn og unge må få like moglegheiter og lik oppfølging uavhengig av kvar dei bur og kvar dei kjem frå. Gode barnehagar, skular, skulefritidsordningar og fritidstilbod er sentralt for alle barn. Tidleg innsats bidreg til å førebygge psykiske og sosiale utfordringar seinare i livet. Sosiale ulikheiter og fattigdom skal ikkje avgjere kva moglegheiter og hjelp ein skal ha. Sidan 2014 har fattigdom blant barn vore aukande. I 2018 budde nær 110 000 barn under 18 år i familiar med vedvarande låg inntekt. Konsekvensar av aukande forskjellar mellom fattig og rik er at barn og unge av vedvarande låginntektsfamiliar manglar materielle godar som andre barn har tilgang til. Blant anna bur dei oftare i dårlegare og trongare forhold, og sjeldnare i ein bustad som foreldra eig. Mangel på sosiale godar kan være hemmande for barn i fattige familiar. Eksempelvis får dei ikkje delta i organiserte aktivitetar og bursdagar på lik linje med andre barn, og blir meir utsett for mobbing. Med Covid-19 er det endå fleire familiar som er råka av permitteringar og arbeidsløyse. Det må tas eit krafttak for å ta att det forsømte. Det siste året har det og blitt meir tydeleg at det er mange unge som slit psykisk, og at det ikkje er lett å få hjelp. Pandemien har synleggjort dei svakheitene som allereie er, sidan systemet har fått sterkare press enn i ein normalsituasjon. Kommunane melder sjølv at det er hol i tilboda til barn og unge som har eller er i ferd med å utvikle psykiske problem eller utfordringar. Det er gap mellom kommunale tilbod og spesialhelsetenesta. Det er store variasjonar i tenestetilbodet i kommunane når det gjeld organisering, omfang og kompetanse, og barn og unges behov vert ikkje i tilstrekkeleg grad ivaretatt. I enkelte kommunar er det ikkje eit tilbod. Fritidsklubber kjennetegnes ved å være det offentliges sikring av barn og ungdoms rett til lek og fritid. Innholdet vil alltid variere i tråd med generasjonens ønsker og behov, mens arenaen og de ansatte representerer stabilitet og kontinuitet. Folkehelsemeldingen (2020) beskrev fritidsklubbene som «spydspissen» i det generelle forebyggende arbeidet kommunen gjør overfor ungdom. Fritidsklubbene samarbeider blant annet med frivillige organisasjoner, foreldre, helsesykepleiere eller utekontakter. Mange steder er fritidsklubben den eneste offentlige arenaen som er åpen for alle ungdom på fritiden, og som legger vekt på aktivitet som ungdommene selv tar initiativ til. Fritidsklubber må sees som folkehelseiltak. Helseproblemer er det største hinderet for å delta i sosiale aktiviteter. Helseproblemer korrelerer med lav inntekt. Det å være fattig, betyr ikke nødvendigvis at man har et fattig liv, men det og ikke kunne delta i sosiale aktiviteter bidrar til en følelse av utenforskap og man blir fattig på opplevelser. Her spiller fritidsklubber en viktig rolle. Ved siden av å drive sosialt forebyggende arbeid, er de åpne møteplassene en bred kulturarena for utøvelse av, og deltakelse i, kulturaktiviteter. Fritidsklubbene er en øvingsarena, men også en visningsarena



og mesttrinsarena. Det er ingen formelle krav til prestasjon og det kostar ingenting å delta. Lågterskeltilbod frå frivillige organisasjonar fyller eit viktig behov. Det må leggest til rette for at kommunane skal kunne ta initiativ til eit tettare samarbeid. Det er mange barn og unge som opplever mykje einsemd, manglande tilhøyrigheit og lite meistringsoppleving. LO i Vestland meiner at helsetenester for barn og unge bør være lettare tilgjengeleg.

- LO må fortsette å kjempe for å sikre at alle har ei lønn eller ei yting frå det offentlege dei kan leve av slik at foreldre kan skape ei trygg ramme for familien sin.
- Dei kommunale overføringane må aukast, og gje kommunane betre ressursar som lettare kan fange opp og hjelpe dei som treng det.
- Rust opp førstelinja og behandlingmoglegheiter ved psykiske utfordringar
- Det har dei siste åra blitt gjort innstrammingar i ei rekke offentleg ytingar. Dette har føregått gjennom innføring av strengare inngangskriteria samt kutt i satsar og varigheita til ulike ytingar. Dette må det endrast på. Vi må auka overgangsstønadene og barnetrygda.
- Det bør være ein låg terskel for å hjelpe barn, unge og deira familiar slik at alle kan inkluderas på lik linje i lokalsamfunnet.
- Sikre at det i alle kommuner finnes åpne fritidstilbud for barn og unge, med hensiktsmessige lokaler, kompetente ansatte og forsvarlig bemanning. Sikre budsjetter som gir rom for aktiviteter.